



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Jørgen Aarø, 55 57 20 46  
Rune Johan Mikkelsen, 55 57 21 81

Vår dato  
04.03.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2013/994 433.2  
Dykkar referanse

Andrè Michelsen  
Radøyvegen 3031  
5939 Sletta

### Løyve til utsetting av utanlandske treslag til juletreproduksjon

---

**Andrè Michelsen får løyve til utsetting av til saman 70 000 fjelleedelgran, koreaedelgran og nordmannsedelgran til juletreproduksjon på gnr. 14 bnr. 2 i Radøy kommune. Det er knytt vilkår til løyvet.**

---

Vi viser til søknaden vi mottok 17. januar 2013 om utsetting av utanlandske treslag til juletreproduksjon på gnr. 14 bnr. 2 i Radøy kommune. Søknaden er vurdert i samarbeid mellom Fylkesmannen sin miljøvern- og klimaavdeling og landbruksavdelinga.

Saka er handsama etter forskrift av 25. mai 2012 nr. 460 om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksføremål, med heimel i naturmangfaldlova. Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova kapittel II ligg til grunn for sakshandsaminga.

#### Dokument i saka

Tabellen viser ei oversikt over dokumenta som Fylkesmannen i Hordaland har mottatt og sendt ut i denne saka.

Saksnr.	Innhald	Dato	Sendar	Mottakar
13/994-1	Søknad om utsetting av fjelleedelgran til juletreproduksjon	17.01.2013	Andrè Michelsen	Fylkesmannen i Hordaland
13/994-2	E-post med spørsmål om avklaring av grøfting og vegbygging	11.02.2013	Fylkesmannen i Hordland	Radøy kommune
13/994-4	Referat frå synfaring 6. juni 2013	07.06.2013	-	-
13/8379-1	Søknad om landbruksveg til uttale	18.06.2013	Radøy kommune	Fylkesmannen i Hordaland
13/10397-1	Løyve til grøfting av myr med sikte på juletreproduksjon	21.06.2013	Radøy kommune	Fylkesmannen i Hordaland
13/8379-3	Uttale til søknad om landbruksveg	05.08.2013	Fylkesmannen i Hordaland	Radøy kommune
13/10397-2	Oppheving av vedtak om dispensasjon til grøfting av myr for juletreproduksjon	11.11.2013	Fylkesmannen i Hordaland	Radøy kommune
13/8379-4	Vedtak om dispensasjon til grøfting av myr og bygging av landbruksveg	24.01.2013	Radøy kommune	Fylkesmannen i Hordaland

## **Bakgrunn**

Eigedomen gnr. 14 bnr. 2 i Radøy kommune vart erverva av staten ved fylkeslandbruksstyret i 1980. Etter ein prosess med fleire interessentar og behandling i Landbruksdepartementet fekk André Michelsen kjøpte den aktuelle eigedomen frå staten i 1995. I kjøpekontrakten pt. 7 står følgjande: "Eigedomen skal nyttast til produksjon av juletre og pyntegrønt og skal drivast på ein landbruksmessig forsvarleg måte."

I 1999 vart det gjennomført ein naturtypekartlegging i Radøy kommune der delar av eigedomen inngjekk i ei kystmyr som fekk vurderinga *viktig*. Rapport frå naturtypekartlegginga vart ferdigstilt i 2001.

Fylkesmannen fekk inn søknad om utsetting av utanlandske treslag til juletreproduksjon 17. januar 2013. På grunn av konflikten mellom den verdfulle naturtypen og pågåande juletreproduksjon på arealet var det naudsynt å få avklart om aktiviteten var i samsvar med gjeldande lovverk.

Saksgang:

- **Synfaring på Skaråsmyra**

Representantar frå Fylkesmannen sin miljøvern- og klimaavdeling og landbruksavdelinga var på synfaring i området 28. januar 2013. Her deltok ein representant frå Radøy kommune og søkjar André Michelsen. På denne synfaringa registrerte vi at det var gjort omfattande grøfting og bygging av jordvegar i myra.

- **Fylkesmannen ber om avklaring**

Grøfting av myr med sikte på skogproduksjon er forbode etter forskrift om berekraftig skogbruk, og kommunen har forvaltingsmynde etter forskrifta. 11. februar sendte vi e-post til Radøy kommune og bad dei avklare om det var søkt om dispensasjon frå forskrifta for grøftinga. Kommunen kontakta då søkjaren og bad om at søknadar om tiltaka blei levert inn.

- **Ny synfaring på Skaråsmyra**

Den 6. juni 2013 var representantar frå Fylkesmannen på synfaring på plassen og oppdaga det vi oppfatta som nye inngrep etter synfaringa 28. januar. 7. juni varsla vi kommunen om dette og etterspurte status i saka.

- **Søknad om landbruksveg**

18. juni 2013 fekk vi søknad om landbruksveg til uttale frå Radøy kommune.

- **Løyve til grøfting av myr**

21. juni 2013 fekk vi tilsendt kopi av kommunalt vedtak om dispensasjon frå forbodet om grøfting av myr med tanke på skogproduksjon.

- **Uttale til søknad om landbruksveg**

5. august 2013 sendte Fylkesmannen i Hordaland sin uttale om søknaden om landbruksveg til Radøy kommune.

- **Oppheving av kommunalt vedtak**

11. november 2013 sendte Fylkesmannen brev til Radøy kommune med oppheving av dispensasjonen frå forbodet mot grøfting av myr. Kommunen hadde ikkje gjort

tilstrekkelige vurderingar etter forskrift om berekraftig skogbruk og heller ikkje etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12. Fylkesmannen bad kommunen ta initiativ til eit møte for å få ein heilskapleg vurdering av dei tiltaka det var søkt om for Skaråsmyra. Dette gjaldt altså søknadar om utsetting av utanlandske treslag, landbruksveg og grøfting.

- **Synfaring og møte med Fylkesmannen, Radøy kommune og søkjar**

20. desember 2013 var representantar frå Fylkesmannen på synfaring på Skaråsmyra saman med kommunen og søkjar. Etter synfaringa var det møte om saka på rådhuset.

- **Vedtak om landbruksveg og grøfting i Skaråsmyra**

24. januar 2014 fekk vi tilsendt kommunale vedtak på grøftesøknaden og landbruksvegsøknadane frå Radøy kommune. Her legg kommunen vekt på at det allereie er etablert juletreproduksjon på størstedelen av arealet. Søkjar kjøpte eigedomen med sikte på juletreproduksjon i 1996 og kommunen meiner at han har drenert eigedomen i god tru for å gjere den eigna til juletreproduksjon. Store delar av myra vart drenert før forbodet mot grøfting i forskrift om berekraftig skogbruk kom i 2006. Det er 31 daa med «urørt» areal som kjem inn under grøftesøknaden. Kommunen gir dispensasjon frå forbodet mot grøfting og grunngir dette med bakgrunn i «særlig skogmessige omsyn» jf. § 16 i forskrifta. Det er naudsynt å grøfte myra for å kunne drive juletreproduksjon på eigedomen.

Dei stiller to vilkår til løyvet:

1. Myra utanfor det omsøkte området jf. kartvedlegget skal ikkje påverkast negativt av tiltaket.
2. Grøfta som er lagt utanfor gjerdetraseen sør i området skal tettast innan utgangen av juli 2014.

Kommunen gir òg løyve til bygging av landbruksveg i heile området. Dei grunngjev det med at drift av juletreplantasjen er avhengig av vegar for å vere rasjonell.

Dei stiller fire vilkår til løyvet:

1. Vegane skal byggast i tråd med kartskissa.
2. Negativ påverknad utanfor området må minimerast.
3. Det skal ikkje tilførast framande massar under bygging av vegen.
4. Området utanfor gjerdetraseen skal vere urørt og ikkje bli negativt påverka av drifta.

Sjølv om både grøftar og delar av landbruksvegane var bygd utan løyve meinte kommunen at søkjar hadde handla i god tru. Han kjøpte eigedomen med sikte på juletreproduksjon og arbeidet i myra har stått på sidan før naturtypen vart kartlagt og forskrift om berekraftig skogbruk tok til å gjelde.

Fylkesmannen i Hordaland har ikkje klaga på kommunen sine vedtak i desse to sakene og dei er dermed avslutta.

### **Treslag og mengd**

Det er søkt om å sette ut 100 000 fjelledelgran, koreaedelgran og nordmannsedelgran i eit omløp på 15 år.

Koreaedelgran er eit treslag som produserer kongler frå ung alder, allereie frå treet er 1-2 meter høgt. Etter korrespondanse med fagpersonar i Norsk institutt for skog og landskap (SL) veit vi at det ikkje finst mykje skriftlig materiale om erfaringar med treslaget frå Noreg. Lite er kjent om konglane kan produsere frø så tidlig og om frøa i så fall er spiredyktige, men spreiringsevna er truleg liten når trea er så unge og små. SL trekk fram at treslaget er gitt vurderinga *lav risiko* i publikasjonen *Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012* (Gederaas mfl. 2012).

Treslag	Vitskapeleg namn	Svartelistestatus
Koreaedelgran	<i>Abies koreana</i>	lav risiko (LO)*
Fjelleedelgran	<i>Abies lasiocarpa</i>	lav risiko (LO)*
Nordmannsedelgran	<i>Abies nordmanniana</i>	vil ikkje reprodusere i norsk natur neste 50 år

Fjelleedelgran er plassert i risikokategorien lav risiko. Nordmannsedelgran er vurdert til ikkje å ha moglegheit til å reprodusere i norsk natur dei neste femti åra. Ingen av dei tre treslaga inngår i svartelista.

### Utsettingsområdet

Størstedelen av utsettingsområdet er i dag ein etablert juletreplantasje. Heile området er på om lag 180 daa. Delar av området er ein kystmyr med verdivurdering *viktig*. Kommunen har godkjent grøfting av det resterande området nord for gjerdegrøfta og delar av kystmyra inngår i denne.

### Vurdering

Etter § 7 i naturmangfaldlova skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde. Vurderingane skal komme fram av vedtaket. Vi viser til tidlegare korrespondanse i samband med søknadar om grøfting og landbruksveg med sikte på juletreproduksjon. Her er det gjort greie for kjente naturverdiar i området og handsaming av juletresøknaden byggjer på det som er komen fram i desse sakene jf. kravet til kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldlova § 8.

Utsettingane skal skje på eit område der størstedelen allereie er eit etablert juletrefelt. Kommunen har godkjent grøfting av det resterande området nord for gjerdegrøfta og delar av kystmyra inngår i denne. Omforming av arealet frå kystmyr til juletreproduksjon er i stor grad allereie skjedd og føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 er difor ikkje relevant i denne saka.

Med bakgrunn i området sin historie og løyva som er gitt til grøfting og landbruksvegar er bruken av området allereie avgjort. Området er klargjort for juletreproduksjon og utsetting av utanlandske treslag i dette området vil vere av liten betydning utover dei inngrep som allereie har skjedd, jf. naturmangfaldlova § 10. Ingen av treslaga som skal plantast ut er svartelista, og trea skal hoggast før frøsetjing eller før det oppstår spreingsfare. I tillegg må alle tre fjernast når produksjon av juletre på eigedommen vert avvikla.

Etter naturmangfaldlova § 11 skal kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet berast av tiltakshavar. Brot på vilkåra i løyvet som fører til skade på stadeige naturmangfald vil medføre at tiltakshavar må bere kostnadane for å rette opp i dette.

Val av driftsmetodar og teknikkar skal etter § 12 ta best mogleg omsyn til naturmiljøet, slik at resultatet gir dei beste samfunnsmessige resultata. I denne saka har omsynet til næring på arealet fått vege tyngre enn omsynet til kjente naturverdiar. På grunn av at tiltaka starta før gjeldande lovverk kom på plass og før naturtypen blei kartlagt, samstundes som søkjar har handla i god tru etter 2006, er det rimelig å akseptere at delar av Skaråsmyra blir avsett til juletreproduksjon. Føresetnaden er at det ikkje skjer ytterligere øydelegging av naturtypen utanfor det godkjente området.

Når det gjeld søkjar sitt ønskje om eit løyve med varigheit på 15 år er dette lenger enn den praksis vi så langt har hatt i Hordaland. Dei løyva med lengst varigheit i Hordaland har vært på 10 år og vi vil difor leggje oss på same nivå i denne saka. Når lengda på løyvet blir redusert til 2/3 av det som er søkt om ser vi det som rimelig at mengda tre blir redusert tilsvarende. Dette løyvet vil difor gjelde for planting av 70 000 tre dei neste 10 åra.

### **Tilsyn**

Fylkesmannen har tilsynsmynde etter forskrifta, jf. § 11. Tiltakshavar pliktar å etablere og dokumentere internkontroll som er tilpassa verksemda si art, aktivitet, omfang og storleik. Dokumentasjon på dette skal kunne visast fram ved eventuelle tilsyn.

### **Vedtak**

André Michelsen får løyve til å sette utanlandske treslag til juletreproduksjon på gnr. 14 bnr. 2 i Radøy kommune på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for det omsøkte området i kartvedlegget.
- Løyvet gjeld for 70 000 tre over 10 år, f.o.m. 2014.
- Løyvet gjeld for treslaga fjelledelgran, nordmannsedelgran og koreaedelgran.
- Fjelledelgran og nordmannsedelgran må hoggast før dei set frø.
- Koreaedelgran må hoggast innan 15 år.
- Koreaedelgran må få ekstra oppsyn etter at trea byrjar å bere kongler.
- Rutinar for å sikre hogst før frøsetting må verte etablerte, og dokumentasjon på dette må visast fram ved eventuelle tilsyn.
- Søkjar må føre logg over drifta der det kjem fram årstal for planting, hogging og treslag på ulike delar av eignedomen.
- Dette dokumentet må gjerast kjend og overført til ny grunneigar ved eventuelt eigarskifte.
- Dersom juletreproduksjon på eignedomen vert avvikla må alle utanlandske treslag brukt i produksjonen hoggast.

Med helsing

Kjell Kvingedal e.f.  
miljøvernssjef

Jørgen Aarø  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Kopi til**

Miljødirektoratet  
Radøy kommune  
WWF  
SABIMA

Postboks 5672 Sluppen  
Radøyvegen 1690  
wwf@wwf.no  
sabima@sabima.no

7485 Trondheim  
5936 Manger